



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Eldrerådet  
**Møtedato:** 21.08.2014  
**Møtetid:** 10:00 -  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

Pleie- og omsorgsleiar vil vera til stades i første del av møtet, i samband med orientering om planlagt mellombels drift i pleie og omsorg/sjukeheimen.

leiar av utval

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
004/14	14/574	Faste saker	
005/14	12/105	Eldredagen 2014	

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 14/574	<b>Løpenr:</b> 14/4571
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	21.08.2014	004/14	JEB

## FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

## Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
14/333	12.08.2014	I	Pleie- og omsorgsleiar og kommunefysioterapeut	Orientering til eldrerådet om mellombels drift av eining for pleie og omsorg

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/105	<b>Løpenr:</b> 14/4546
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	21.08.2014	005/14	JEB

## ELDREDAGEN 2014

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

---

**Kva saka gjeld:**

FN sin internasjonale eldredag er 1. oktober.

Det er behov for at eldrerådet planleggjer korleis eldredagen skal markerast/arrangerast i Samnanger i 2014. Eldredagen 2014 vert derfor teke opp som sak på eldrerådet sitt møte 21.08.2014.

Ein representant frå kultureininga vil vera til stades under behandlinga av saka.



SAMNANGER KOMMUNE  
EINING FOR PLEIE OG OMSORG

Til  
Samnanger Eldreråd

**Orientering om mellombels drift av eininga**

Samnanger kommunestyre vil ta endeleg avgjerd i saka 28.08.14. Vert det vedteke utbygging/ombygging av Samnangerheimen må pasientar og tilsette ut i mellombels drift.

Byggjeprogrammet for ny sjukeheim vart vedteke i kommunestyret i juni 2011. Kommunen hadde då alt planlegging av mogeleg mellombels drift.

Alle endringar er utfordrande og det var naudsynt med ein del juridiske avklaringar hjå Fylkesmannen før vidare arbeid.

Pleie og omsorgsleiar tok kontakt med juristar hjå Fylkesmannen.

Spørsmål frå pleie og omsorgsleiar og svar frå Fylkesmannen i Hordaland v/ jurist Anne Kristine Breivik og rådgjevar Beate Helland;

Spørsmål:

1. Vil det være greitt at kommunen har 2 pasientar buande saman på rom i denne perioden? ( dei som ikkje kan bu saman vil sjølvsgt ikkje måtte det)

**Svar;** Sjukeheimsforskrifta § 4-1, 2. ledd seier at sengeromma som hovudregel skal være einerom. Også kvalitetsforskrifta legg opp til det same.

Dersom nokon må dele rom med andre, skal det i forbindelse med stell o. s .v. takast omsyn til nattesøvn og behov for ro og privatliv. Dette er særleg viktig når personar som dele rom har ulike pleiebehov og døgnrytme.

Det viktig at bebuarar på førehand blir orientert og at pasienten får høve til å uttale seg om spørsmålet. Leiinga skal så langt det let seg gjere ta omsyn til bebuaren og dei pårørande sine synspunkt, slik at naudsynte tilpassingar kan gjerast og at situasjonen opplevast føreseieleg for den enkelte

Å tilby ein bebuar dobbeltrom som ein permanent løysing er ikkje i tråd med gjeldande kvalitetskrav. Unntaksvis kan det vere spesielle situasjonar som likevel gir grunnlag for å fråvike hovudregelen i ein kortare periode. Som ein mellombels løysing ved ombygging av institusjonen, meiner vi det vil være akseptabelt at kommunen tilbyr dobbeltrom i sjukeheim. Kommunen skal då likevel leggje til rette slik at dette ikkje går utover pasientane sine grunnleggjande behov og at den enkelte ikkje blir utsett for unødvendige integritetskrenkingar.

Vi forutsett at perioden blir gjort så kort som mulig og at hos pasienter der det oppstår behov for enkeltrom får dette tilrettelagt.

*2. Kan kommunen setje institusjonsplassane ned frå 31 til 21 i periode? Resten av tilbodet vil då bli gitt i omsorgsbustadar og heimetenesta.*

**Svar;** Det er relativt strenge vilkår i sjukeheimsforskrifta for å skrive nokon ut frå ein sjukeheim og over i ein omsorgsbustad. Det er også særlege krav til framgangsmåte som må fylgjast. Pasienten må i samband med ei slik sak utgreiast på nytt og saka må vurderast i forhold til vilkåra i sjukeheimsforskrifta § 4-11, 2. ledd. Pasienten må førehandsvarslast om endringar i tenestetilbodet og det må treffast nytt vedtak med grunngjeving og opplysningar om klagerett.

I brevet nedanfor er det vidare gjort greie for kva praktiske og økonomiske konsekvensar ei eventuell omlegging vil få for den enkelte pasient. Truleg vil ei omlegging innebere meirarbeid for pasient, pårørende eller hjelpeverje/ verje. Betalingsordninga vil bli annleis og dette vil slå ulikt ut, slik at nokon må betale meir, andre mindre enn på ein sjukeheim. Det følgjer av kommunehelsetenestelova § 2-1 at alle har rett til nødvendig helsehjelp i den kommunen dei bur eller oppheld seg. I tillegg er det eit krav om at det tenestetilbodet som kommunane gjev skal vere forsvarleg.

Det følger av kommunehelsetjenesteloven § 6-3, siste ledd jf. § 1-3 a at kommunen har plikt til å gi pasientene et forsvarlig tilbud, uansett hvor de oppholder seg. Det er alltid uheldig og kan være uforsvarlig å flytte syke og demente pasienter. Vi forutsetter at kommunen gjør en faglig vurdering av hvorvidt det er forsvarlig å flytte den enkelte pasient og at det er mulig å gi et forsvarlig tilbud i de lokalene/bustadene pasientene flyttes til.

*3. Når me tildeler tenester framover kan må då skrive i vedtaket ” sjukeheimen skal byggjast om og det vil bli midlertidig drift anna stad i ca. 1,5 år ( vår 2012 til haust 2013). I denne perioden vil du få anna tilbod og du kan måtte rekne med å deler rom med anna pasient”.*

**Svar;** Ved å skrive dette i vedtaket gjør kommunen det forutsigbart for brukeren og de pårørende.

Det er viktig med god informasjon på forhånd slik at alle parter er innforstått med situasjonen og kan komme med innsigelser på forhånd. (Se tidligere svar)

*4. Kommunen har omsorgsbustadar fleire stadar i kommunen. Vil det være mogeleg å flytte leigetakarane mellom bustadane for å få til optimal drift/tenester i den midlertidige perioden?*

**Svar;** Bruker har fått vedtak på en omsorgsbolig. Dersom en leigetaker må flytte er det viktig med et varsel i god tid i forkant om at dette kan skje, til bruker og pårørende. Bruker må få anledning til å reagere, komme med tilbakemelding. Det må være et tilsvarende forsvarlig tilbud.

*5. Reknar med at me kan bestemme sjølv kva dagtilbod me vil drive i den midlertidige perioden? Ser for oss at me kanskje berre kan ha fokus på dei heimebuande med kognitiv svikt.*

**Svar;** Dagtilbod er ein ikkje lovpålagt teneste, men kommunen er pliktig til å opprette eit fagleg forsvarleg tenestetilbod tilpassa den einskilde. For mange er dagtilbod det tenestetilbodet som er heilt nødvendig for at vedkommande skal kunne bo i eigen heim. Det blir understreka at godt utbygde dagaktivitetstilbod, saman med heimetenester, i mange tilfelle kan bidra til å forhindre eller utsetje at brukaren blir lagd inn på institusjon. Regjeringa har i Rundskriv I – 5/2007 “Aktiv omsorg” presisert det kommunale ansvaret for slike tilbod i tråd med sosialtenestelovas formål om å “bidra til at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre.”

Vederlagsforskrifta og Stortingets årlige vedtak for eigenandeler regulerer eigenandel for dagtilbod. Dagtilbod som gis som avlastning for pårørande etter sosialtenestelova kan det ikkje takast eigenandel for, dette omfattar også eigen andel for transport.

Ut frå desse svara frå Fylkesmannen sine juristar fatta OO fylgjande vedtak;

**OO-003/11 VEDTAK (08.02.11)**

*Pleie og omsorgsleiar får fullmakter som gjer det mogeleg å gjennomføra mellombels drift av tenestene i pleie og omsorgseininga frå 2012 til haust 2013 på følgjande punkt;*

*Mandat til å:*

- 1. Leggja 2 pasientar på kvart rom når det er naudsynt og der det er mogeleg.*
- 2. Flytta pasientar mellom omsorgsbustadane i kommunen.*
- 3. Halde av ledige bustadar frå d.d. for å førebu seg på perioden med mellombels drift.*
- 4. Redusere institusjonsplassane frå 31 til 21 plassar. Reduksjonen startar frå d.d ved at me nyttar fleire plassar som kortidsplassar.*
- 5. Å vurdera om det er behov for dagtilbod, omfang og organisering.*
- 6. Bryta opp gjeldande organisering.*
- 7. Inngå avtale med tilsette om bruk av eigen bil i tenesta.*
- 8. Endra arbeidsplass og oppgåver for tilsette.*
- 9. Vurdera endring i tilbod kjøkken.*

*Plo leiar tilpassar mandatet i tråd med gjeldande lovverk og etter råd frå fylkesmannen.*

Sjølv om årstala er endra reknar ein med at vedtaket gjeld fram til innflytting i ny sjukeheim.

I utgangspunktet rekna kommunen med at det ville vera mogeleg å drifte 1995 bygget (det som ligg mot sjøen) i anleggsperioden. Var dette mogeleg ville me ha behov for ca 15 plassar anna stad. I Samnanger kommune er det få bygg som er eigna for sjukeheimdrift. Me var i dialog med leinga på Sætervika leirskule. Staden er ikkje godt eigna men ville kunne vært eit alternativ. Tilkomst og kostnad gjore at me måtte sjå etter andre mogelegheiter.

Det vart vurdert å leige modular til drift. Å drifte mellombels i modular er vanleg på skule/barnehage, men ikkje for sjukeheim. Ikkje tilbod som kunne dekke vårt behov.

Etter meir utreiing av 1995 bygget synte det seg at det ikkje var tilrådeleg å drifte denne delen i anleggsperioden. Anleggsarbeidet vil gje utfordringar knytt til forsyning av straum og vatn. Det vil i tillegg verta utfordringar knytt til støy og brann/beredskap.

Situasjonen no er at me skal ut frå Samnangerheimen i anleggsperioden. Målet er å leggje til rette for om lag 25 institusjonsplassar. Det er sagt at me i denne perioden skal ha meir fokus på heimetenesta og det skal vera mogeleg å nå talet. Når ny sjukeheim står klar er det 31 plassar.

Det er ikkje mogeleg å finne 25 institusjonsplassar i Samnanger.

Det er mogeleg å leggje til rette for sjukeheimdrift på Hamnahaugen. Det vil vera plass til om lag 10 pasientar i desse bustadane.

På Hamnahaugen bur det i dag 4 bebuarar. Dei har fått informasjon om mellombels drift og at dei får tilbod om å flytte til omsorgsbustadar på Tyssekaien/Skjervo. Dei fekk munnleg og skrifteleg informasjon 25.04.14. Tilbod om bistand til flytting.

3 bebuarar sa dei ville til Tyssekaien. Dei fekk med ein gong tilbod om omvisning og nytta seg av det. Dei valte og ut kva leilegheit dei ønska.

Den 4. bebuaren ønska Skjervo og me reknar med det vil gå greitt.

Me har kontakta omliggjande kommunar for å høyre om dei kunne hjelpa oss med institusjonsplassar. Etter positive tilbakemeldingar frå Vaksdal kommune har me starta dialog med dei. Evt. sjukeheimsdrift her vil skje med vårt eige personale, dvs at bebuarane vil møte dei same hjelparane som dei har i dag. Tilsynslegen vil og vera som no.

Sjukeheimsavdelinga vert i tilfellet på Vaksdal og vil ha 10 store rom med egne bad.

Avdelinga framstår som ny og godt vedlikehalden. Her vil me kunne gje tilbod til om lag 15 pasientar.

Alle pasientar som har fått tilbod om langtidsopphald dei siste åra har fått info om mellombels drift i lag med vedtak om plass.

Alle pårørande til pasientar med langtidsopphald på Samnangerheimen fekk orientering om plan for mellombels drift i brev datert 15.05.14. I tillegg til generell info vart dei oppmuntra om å ta kontakt viss dei hadde spørsmål. Tre pårørande har teke kontakt.

Me har så langt ikkje ”bestemt” kva pasientar som skal til Vaksdal og kven som skal vera på Hamnehaugen. Så langt ser me for oss at pasientar med ”vanleg” langtidsopphald vil få tilbod i Vaksdal. Me trur det vil vera rett at pasientar på korttidsopphald, avlastning og rehabilitering bør vera i Samnanger viss mogeleg. I tillegg meiner me at alvorleg sjuke/døyande pasientar som kjem til institusjonen direkte frå heim/sjukehus bør få vera her nær pårørande. Me vil og prøve å ta omsyn der pårørande vil ha vanskar med å reise til Vaksdal.

Med fokus på heimetenesta er det viktig å gje dagtilbod til heimebuande sjølv om dette ikkje er lovpålagt. Vår erfaring er at eit dagtilbod gjer at eldre lenger greier seg heime.

Me har sett på fleire alternativ for dette tilbodet. Det er viktig med god fysisk tilrettelegging for å sikra at flest mogeleg kan nytte tilbodet.

Me er i dialog med Storeholmen AS om middagslevering til institusjon og heimebuande.

Haga 13.08.14

Åse W Tveit

*Kommunefysioterapeut og Hovudverneombod*

Grete Lill Hjartnes

*Pleie og omsorgsleiar*